

MESSE: Olsok eller Olavsdagen, er feiringa av Olav den heilage sin dødsdag. Denne dagen er det olsokmesse i Lomskyrkja.

Olsok i Lom med rikhaldig program

Laurdag 29. juli er det olsok i Lom med eit rikhaldig program.

Lom har ein sterk tradisjon med å feire Olsok. Arrangementa er eit samarbeid mellom Lom kommune, Gudbrandsdalsmusea ved Lom bygdamuseum, Nordgard Aukrust, Uppistugu Synstnes ved Trygve Husom, Lom kyrkjelege råd, og Lom heimbygdslag.

På programmet står olsokstemne i Presthaugen der direktør Simen Bjørgen i Kulturminnefondet held tale, føredrag av Nils Faarlund, «friluftslivets far», på Nordgard Aukrust, vandring til Olavssteinen på Uppigard Synstnes, Olsokmesse i Lomskyrkja.

Elles er det opne hus i Presthaugen med blant anna utstilling av biletteppe frå Gløms dal.

ARVE DANIELSEN
arve.danielsen@fjuken.no

Bortimot 600 kom for å høyre Vamp i mektige Jotunheimen

På ei scene, 1.400 meter over havet. Så høgt har aldri Vamp spela før.

«Den som blir tatt og ført i fjell, Då slo du ein sprekk i berg og sinn, Sprengte ein mur og slapp lyset inn», song Vamp da dei førre sundag held konsert ved foten av Glittertind.

Konserten midt i Jotunheimen nasjonalpark, var i regi av DNT og vertskapet på Glitterheim turisthytte, Tone og Knut Vole.

– Flotte fjellfolk, kvitterte frontfigur Øyvind Staveland i Vamp.

Eilev Hellekveen frå Lom varma opp publikum med fantastisk fløytespel før Vamp drog igang med kjente og kjære låtar. Den populære gruppa spela kjente låtar som «Tir n'a Noir».

Som avslutningsnummer entra Linda Eide scena for urframføring av «Liten fuggel» på blokkfløyte saman med Vamp. – Eit lite steg for menneske, men eit stort steg for blokkfløyta, som Linda Eide uttrykte det.

Dei som tok vegen til Veodalen og Glitterheim, fekk ein fantastisk dag i fjellheimen. 522 selde billetter, pluss ungar var på konserten på Glitterheim. Alle måtte gå eller sykle inn til turisthytta for å oppleve konserten med Vamp. I flott fjellvær fekk vi dei ei oppleving dei seint vil gløyme.

Etter at konserten var over og scena teken ned, låg området att slik det brukar. Når fjellfolk er på tur, blir ikkje søppel og anna liggjande att i naturen.

MAGISK: Det var magisk da Vamp spela i mektige Jotunheimen. Bortimot 600 tok turen inn Veodalen, anten til fots eller på sykkel, for å oppleve den populære gruppa. ALLE FOTO: EIVIND HAUGSTAD KLEIVEN

LITEN FUGGEL: Vamp spela «Liten fuggel» med Linda Eide som gjesteartist på blokkfløyte.

VERTSKAP: Skikkelege fjellfolk, kalla Øyvind Staveland i Vamp, vertskapet på Glitterheim turisthytte; Tone og Knut Vole.

GRUPPESPEL: Skultbakklaget stiller i gruppespel under Landsfestivalet på Oppdal.

Stiller på Landsfestivalen på Oppdal

Snautt 700 deltakarar er påmeldt til landets største gammaldansfestival.

Mange ottadølar tek turen over Dovrefjell når Landsfestivalen i gammaldansmusikk blir arrangert på Oppdal 26. - 30. juli.

Til saman 686 er påmeldt til festivalen. I tillegg til tevlingar blir det sjokoladefestival for dei yngste, plateslepp med blant anna Lom toradergruppe, og dans ut i dei små nattetimar.

Fjorårsvinnarane Lom toradergruppe stiller i lagspel for durspel/trekkspel, medan Lom spelmannslag skal forsvare tittelen i lagspel fele. Her deltek også Vågå spelmannslag og Mukampen spelmannslag.

I gruppespel skal Jutullaget forsvare sigeren frå Gaupne i fjor. Sterke konkurrentar blir Lendmenn som vart nummer to i fjor, Dølalæte, Brimi & Barkenæs' sekstett.

I gruppespel skal Firo med Mari Midtli, Øyvind Sandum og brørne Bjørn Kåre og Mads Erik Odde, forsvare sigeren frå i fjor.

Even Offerdal Bakken vann solo andre instrument junior i Gaupne, og gjekk også til topps i samspel junior saman med Espen Barlund Nicolaisen. Dei stiller sterkt i desse klassene på Oppdal.

ARVE DANIELSEN
arve.danielsen@fjuken.no